



ULVIK HERAD
UTVIKLING

VEDTEKTER FOR ULVIK LOKALHISTORISKE ARKIV

Ulvik lokalhistoriske arkiv er ein del av Ulvik Folkebibliotek si samla verksemd. Arkivet skal samla inn, ordne, registrera og ta vare på privatarkiv, foto, film, stadnamn, folkemusikk, lause kulturminne, kopiert og trykt materiale med tilknytning til heradet i notid og fortid.

Arkivet skal aktivt stille det innsamla materialet til rådvelde for offentleg bruk etter gjeldande reglar for innsyn i slikt materiale. Arkivet skal spreie kunnskap om arkivet sitt arbeidsområde og det materialet.

Det innsamla materialet er offentleg eigedom dersom det ikkje er oppretta andre avtalar med eigaren. Arkivet kan ta imot deponert materiale frå private arkiveigarar.

Arkivet er medlem i Landslaget for Lokal-og Privatarkiv (LLP).

Arkivar skal vera ansvarleg for drift av arkivet, samlingane sin tilstand og all bruk av samlingane skal vera i samsvar med LLP sin standardinstruks for arkivarar.

Utviklingsstyret har det overordna ansvaret for samlingane og skal sjå til at samlingane er i trygg forvaring, forsvarleg ordna og registrert og at det er offentleg tilgjengeleg med fast opningstid.

Utviklingsstyret har ansvar for å utarbeida arbeidsplanar og budsjett og for at drifta blir lagt opp i samsvar med dette.

Endringar i reglementet skal vedtakast av utviklingsstyret.

Det er utarbeidd instruks for arkivar.